Eit høgdepunkt for langrennsløparane.

10.03.2015

Klart for ei ny flott oppleving i Fjellhaugen til helga.

Samhaldet blant medlemmene i skigruppa i idtrettslaget er svært godt, og også for dei vert stafett noko heilt spesielt. Søndag 15.mars er det klart for Kvinnheradsmeisterskap i stafett i Fjellhaugen, og for løparane er det eit av høgdepunkta i sesongen. Der ønskjer ein å stilla med flest mogeleg lag, og ein håpar mange melder seg på.

Stafetten har 3 etappar, 2 i klassisk stil og 1 i fristil. Skigruppeleiar Knut Johannes Ripel seier at dei håpar mange blir med både av dei som har trena mykje og dei som har vore mindre på treningar.
-I klassar der vi har fleire lag, kjem vi til å satsa på å setja opp jamne lag, og ikkje spissa nokon av laga, legg han til. Han oppfordrar alle som har lyst å melda seg på via facebook-sida til skigruppa, eller ta kontakt med ein i skigruppestyret.

Ripel minner og om barneskirennet som startar kl. 12. Der kan alle vera med, også dei som er så små at dei treng følgje og hjelp rundt i løypa. Dei kan melda seg på på førehand same dag.
- Eg håpar å sjå mange Uskedalsborn i dette rennet, seier Knut Johannes Ripel. Det burde vera store sjansar for at han får rett. Med meldigar om nydeleg ver og gode temperaturar må det vera ein flott mulighet for alle småbarnsforeldre til å gje borna sine ei kjekk oppleving!

Med topp forhold og nydeleg ver vert det ein kjekk langrennsdag!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Knut Johannes Ripel